



**Telemark**  
FYLKESKOMMUNE

# Regelverk for skuleskyss i Telemark



**Grunnskule og  
vidaregåande  
skule**

## Historikk

<b>Dato</b>	<b>Hending</b>	<b>Politisk sak</b>
12.06.2024	Vedteke av fylkestinget i Telemark	Sak 70/24

# Innhald

<b>Innhald.....</b>	<b>2</b>
<b>1. GRUNNSKULE .....</b>	<b>3</b>
1.1. Bakgrunn.....	3
1.2. Kven skyssretten omfattar .....	3
1.3. Skyssansvar.....	4
1.3.1. Fylkeskommunen sitt ansvar .....	4
1.3.2. Kommunen sitt ansvar.....	4
1.4. Økonomi .....	5
1.5. Samordning .....	5
1.6. Retningslinjer.....	5
1.7. Klagetilgang .....	5
<b>2. VIDAREGÅANDE SKULE .....</b>	<b>6</b>
2.1. Bakgrunn.....	6
2.2. Kven skyssretten omfattar .....	6
2.3. Rabattordning.....	7
2.4. Skyssansvar .....	7
2.4.1. Fylkeskommunen sitt ansvar .....	7
2.4.2. Skuleeigar sitt ansvar.....	7
2.5. Samordning og transporttilbod .....	7
2.6. Retningslinjer.....	8
2.7. Klagetilgang .....	8

# 1. GRUNNSKULE

## 1.1. Bakgrunn

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere skuleskyssen i samsvar med opplæringslova kapittel 4, 21 og 28, og privatskulelova § 3-7 med tilhørende forskrifter.

Skyss mellom heim og skule/opplæringsstad blir rekna som skuleskyss. I dialog med busselskapa blir det lagt opp til ein meir fleksibel skuleskyss ved at elevane også kan nytte seg av allereie oppsette rutebussar.

Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen.

Kommunen skal, i samsvar med opplæringslova § 28-7, ta organiseringa av skyssen med i vurderinga når dei fastset timeplanen og skuleruta.

## 1.2. Kven skyssretten omfattar

Skyssretten omfattar elevar i grunnskulen, 1. - 10. trinn.

Følgjande elevgrupper har rett til gratis skyss:

- A. Elevar i 1. trinn som har meir enn 2 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg, og elevar i 2. – 10. trinn som har meir enn 4 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg.
- B. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom som har eit dokumentert behov for skyss.
- C. Elevar under punkta 1.2 A og B som går i eiga målformgruppe ved annan skule enn nærskulen.
- D. Elevar som har plass i SFO, og som på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har eit dokumentert behov for skyss.
- E. Elevar som må nytte båtskyss mellom heim og skule/opplæringsstad.
- F. Deltakarar i førebuande opplæring for vaksne som har meir enn 4 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg.
- G. Deltakarar i førebuande opplæring for vaksne som har nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, og som har eit dokumentert behov for skyss.

- H. Elevar ved privatskular, som får tilskot frå staten, har rett til skyss etter same reglar som ved offentlege skular. Retten gjeld berre for den delen av skulevegen som ligg innanfor bustadkommunen til eleven.
- I. Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, og som ikkje oppfyller avstandskravet i punkt 1.2.A.

## **1.3. Skyssansvar**

### **1.3.1. Fylkeskommunen sitt ansvar**

Fylkeskommunen sitt ansvar for skyss gjeld tilkjøring og heimkøyring jf. skyssrettane nemnde i punkt 1.2.A – 1.2.H.

### **1.3.2. Kommunen sitt ansvar**

Kommunen sitt ansvar for skyss gjeld skyssrettane nemnde i punkt 1.2.I.

Kommunen har i tillegg ansvar for følgjande:

- A. Innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg.
- B. Nødvendig tilsyn med grunnskuleelevar og vaksne elevar før og etter undervisningstida, og dessutan under transporten ved behov.
- C. Nødvendig reisefølge/ledsager for dei grunnskuleelevane og vaksne elevar som ikkje kan reise åleine.
- D. All skyss i samband med skulen sine aktivitetar i og utanfor skuletida.
- E. All skyss i samband med undervisning utanfor det geografiske området til skulen.
- F. All skyss til annan skule enn nærskulen.
- G. All skyss for barn under opplæringspliktig alder/førskulebarn
- H. Andre kommunale vedtak som medfører skyssbehov
- I. Skyss som avvik frå felles fastsett skulerute
- J. Skyss utanom den ordinære start- og sluttida til skulen for funksjonsfriske elevar

## **1.4. Økonomi**

Kommunen skal betale eigendel/persontakst for skyss av elevar i samsvar med skyss nemnd under punkt 1.3.1.

Kommunen har heile det økonomiske ansvaret for skyss nemnt under punkt 1.3.2.A – D og G – J.

Kommunen er økonomisk ansvarleg for meirkostnadene til skyss, og har ansvar for organiseringa av skyssen nemnt under punkt 1.3.2.E – F.

## **1.5. Samordning**

Fylkeskommunen pliktar å sørge for at skyss av elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen blir samordna i størst mogleg grad og utført med ordinær kollektivtransport. Kravet om samordning gjeld også for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

## **1.6. Retningslinjer**

Fylkeskommunen utarbeider retningslinjer for skyss av elevar i grunnskulen. Retningslinjene er eit verktøy i den alminnelege saksbehandlinga. Retningslinjene blir godkjende av fylkesdirektøren.

## **1.7. Klagegang**

Vedtak om skuleskyss er enkeltvedtak jf. forvaltningsloven § 2b.

Eit enkeltvedtak kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningsloven § 28.

Forvaltningsloven § 29 fastset fristen for å klage til 3 veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket har komme fram til vedkommande part.

Klage på avgjerder om rett til skuleskyss blir det sendt det forvaltningsorgan eller den underinstans som har gjort vedtaket, jf. forvaltningsloven § 32. Klager som ikkje blir tekne til følge, blir avgjorde av Statsforvaltaren.

## 2. VIDAREGÅANDE SKULE

### 2.1. Bakgrunn

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere skuleskyssen i samsvar med opplæringslova kapittel 9, 21 og 28, og privatskulelova § 3-7 med tilhørende forskrifter.

Skyss mellom heim og skule/opplæringsstad blir rekna som skuleskyss. I dialog med busselskapa blir det lagt opp til ein meir fleksibel skuleskyss ved at elevane også kan nytte seg av allereie oppsette rutebussar.

Skyssretten gjeld til vidaregåande skular innanfor det fylket eleven er folkeregistrert eller der fylkeskommunen kjøper plass for kvar enkelt elev på vidaregåande skular i andre fylke.

### 2.2. Kven skyssretten omfattar

Skyssretten omfattar elevar og vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring. Skyssretten omfattar ikkje personar som er tekne inn til vidaregåande opplæring i bedrift etter opplæringslova kapittel 7 (lærlingar, praksisbrevkandidatar, lærekandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb).

Følgjande elevgrupper har rett til gratis skyss:

- A. Elevar som har meir enn 6 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg. Sjå også punkt 2.3.
- B. Elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom som har eit dokumentert behov for skyss.
- C. Elevar som må nytte båtskyss mellom heim og skule/opplæringsstad.
- D. Elevar som har faget yrkesfagleg fordjuping eller som er utplassert i bedrift har rett til skyss etter vanlege reglar for skyss mellom heim og skule.
- E. Elevar ved privatskular, som får tilskot frå staten, har rett til skyss etter same reglar som ved offentlege skular. Retten gjeld berre for den delen av skulevegen som ligg innanfor fylkesgrensa til eleven.

- F. Elevar i vidaregåande skule som ikkje oppfyller avstandskravet, og som meiner dei har særleg farleg skuleveg, kan søkje om skyssgodtgjering og få saka vurdert av fylkeskommunen. Dette gjeld dersom det ikkje finst kollektivtilbod på strekninga der eleven kan kjøpe periodekort.

## 2.3. Rabattordning

For område som har eit godt utbygd kollektivtilbod, kan det fastsetjast forskrift om ei rabattordning med subsidierte reisekort for ungdom som alternativ til gratis skyss eller full skyssgodtgjering.

## 2.4. Skyssansvar

### 2.4.1. Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkeskommunen sitt ansvar for skyss gjeld tilkjøring og heimkøyring jf. skyssrettane nemnde i punkt 2.2.A – 2.2.F.

### 2.4.2. Skuleeigar sitt ansvar

Skuleeigar har ansvar for følgjande:

- A. Skyss i samband med aktivitet på skulen i og utanfor skuletida.
- B. Skyss i samband med aktivitet/undervisning utanfor skulen sitt geografiske område.
- C. Hjelpe til med å skaffe losji når dagleg skyss ikkje kan nyttast.
- D. Nødvendig tilsyn med elevar før og etter undervisningstida, og dessutan under transporten ved behov.
- E. Nødvendig reisefølgje/ledsager for dei elevane som ikkje kan reise åleine.

## 2.5. Samordning og transporttilbod

Fylkeskommunen pliktar å sørgje for at skyss av elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen blir samordna i størst mogleg grad og utført med ordinær kollektivtransport. Kravet om samordning gjeld også for elevar med nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom.

Elevar som har 6 – 40 km i avstand mellom heim – skole/lærebedrift vil få tilbod om skyss via det kollektive rutetilbodet, og/eller tilbod om skyssgodtgjering med eventuelle nødvendige dokumenterte tillegg.



Elevar med meir enn 40 km i avstand mellom heim – skole/lærebedrift, vil få tilbod om skyss via det kollektive rutetilbodet og/eller tilbod om skyssgodtgjering med eventuelle nødvendige dokumenterte tillegg.

## **2.6. Retningslinjer**

Fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide retningslinjer for skyss av elevar i vidaregåande skule. Retningslinjene er eit verktøy i den alminnelege saksbehandlinga. Retningslinjene blir godkjende av fylkesdirektøren.

## **2.7. Klagegang**

Vedtak om skuleskyss er enkeltvedtak jf. forvaltningsloven § 2b.

Eit enkeltvedtak kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningsloven § 28.

Forvaltningsloven § 29 fastset fristen for å klage til 3 veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket har komme fram til vedkommande part.

Klage på avgjerder om rett til skuleskyss blir det sendt det forvaltningsorgan eller den underinstans som har gjort vedtaket, jf. forvaltningsloven § 32. Klager som ikkje blir tekne til følge, blir avgjorde av Statsforvaltaren.